



# TRONDHEIM SPORTSFISKERE

Postboks 2952, Sluppen  
7438 Trondheim  
Bankkto: 0530.44.19255

06.03.04

**Hei !**

Her kjem årets andre medlemsbrev, og denne gongen med både ny forfattar og nytt målføre. Eg skal prøve å vidareføre den tradisjonen som Bård Fredrik hadde med å sende ut medlemsbrevet med jamne mellomrom for å oppdatere om arbeidet i styret og for å annonsere planlagde aktivitetar og andre nyhende. Dersom nokon får dette pr. papirpost og ønskjer å ha det på e-post så send meg beskjed om det.

## **Årsmøte 2004**

Årsmøtet vart avvikla på Kromaten kantine 25. februar. Samansetninga av styret vart som følgjer:

Formann:	Kjell Ove Grimsmo	(Gjenvalg)
Nestformann:	Edvard Bergene	(Ikkje på valg)
Sekretær:	Knut Alfredsen	(Ny)
Kasserer:	Finn Følling	(Ikkje på valg)
Styremedlem:	Erling Holden	(Gjenvalg)
Styremedlem:	Stener Skogmo	(Ny)
Varamedlem:	Tron Sture Aune	(Ny)

Etter at årsmøtesakene var unnagjort viste Edvard Bergene at det finst alternativ til kalde februarkveldar i Trondheim ved å vise bilete frå fjorårets tur til New Zealand.


## **Kastekveldar med stangdemonstrasjonar**

Utover våren vil det bli demonstrasjon av stenger frå ulike leverandørar i forbindelse med kastinga i Nidarøhallen på søndagskvelden. Første kveld er allereie førstkomande søndag, 14/3 kl 20 – 2200. Då vil Einar Nordgaard ha med Scott stenger frå Jarle&Bjørnar som ein kan teste. Deretter blir følgjande leverandørar å treffe:

Søndag 28/3: Scierra

Søndag 18/4: Nor Sport

25/4 er det slutten på årets innandørs kastesesong. Då vert det lagt opp til ei avslutning med kasting, kaffi og kaker i Nidarøhallen.



## **Møte med Yngve Ask**

Neste medlemsmøte vert onsdag 31/3 kl 1900 med Yngve Ask, kjend fiskefotograf og utstyrstestar frå blant anna bladet Villmarksliv. Han vil halde eit foredrag om fiske rundt omkring i verda. Det vert mange fine bilete og sikkert tips om korleis ein kan forbedre sine egne fiskebilete. For meir informasjon om Yngve Ask sjå nettsida [www.scanout.com](http://www.scanout.com). Dette

møtet vert i kantina ved SINTEF Energiforskning, Sem Sælandsvei 11 på Gløshaugen (Sjå vedlagt kart).

*For styret*

*Knut Alfredsen*

*Mob-tlf. : 93205501*

*E-post. : knut.alfredsen@c2i.net*

